

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av MDG:

- «1. Av omsyn til landskapskvaliteter, naturkvaliteter og samverknader rår Hordaland fylkeskommune frå søknaden om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune.
- 2. Om det likevel blir gitt konsesjon bør nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfold i bekkekløfta vurderast.
- 3. Om konsesjon blir gitt må utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon gjerast slik at det skaper minst mogleg sår i fjordlandskapet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot MDG sitt forslag som fall.

### **Innstilling**

- 1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
- 2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfold i bekkekløfta.
- 3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.